

# Lærer (vikariat)

Austrheim kommune

Søk på stillinga 

Ved Årås skule har vi no ei ledig stilling som lærar (vikariat) for 5.-10.trinn. Vikariatet gjeld i perioden 01.08.23-22.06.24.

Årås skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule med 267 elevar og 40 tilsette. Skulen er organisert i team - eitt for kvart hovudsteg. Vi har fokus på eit godt klasse miljø som føresetnad for eit godt læringsmiljø, og oppfølging av elevane si læring og utvikling.

Årås skule er ein PALS-skule. PALS står for: Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. Det vil seie at vi arbeider med systematiske tiltak som rettar positiiv merksemd mot alle skulen sine elevar. Vi har eit eige PALS-team på Årås skule. Nytilsette assistentar får kurs i PALS. Frå hausten 2023 er Årås skule ein MOT-skule.

Austrheim kommune er ein realfagskommune. På Årås skule har vi som realfagsskule fokus på lærelyst for realfag.

 Søknadsfrist:	<b>26.05.2023</b>	 Stillingar:	<b>1</b>
 Arbeidsgivar:	<b>Austrheim kommune</b>	 Heiltid / Deltid:	<b>Heiltid</b>
 Stad:	<b>AUSTRHEIM</b>	 Tilsetjingsfor...:	<b>Vikar</b>
 Stillingstittel:	<b>Lærer (vikariat)</b>	 Stillingsprose...:	<b>100</b>
 Webcruiter-ID:	<b>4661946534</b>		
 Sosial deling :	   		

## Arbeidsoppgåver

Til stillinga er det særleg behov for lærar i naturfag, engelsk og kunst og handverk.

## Kvalifikasjonar

- Godkjent utdanning i samsvar med kompetanseforskrifta for tilsetjing i grunnskulen.
- Utdanning frå utlandet må vere godkjent av NOKUT.

## Personlege eigenskapar

Vi søker lærar som:

- Er fagleg bevisst, godt førebudd og har planlagt undervisninga både aleine, og i lag med kollegaar
- Har god innsikt i lærarrolla og skulen som organisasjon
- Er synleg i skulen sine ulike møteplassar
- Bidreg til å utvikla skulen sitt positive arbeidsmiljø
- Har gode kommunikasjonsevner og er ein tydeleg klasseleiar
- Er opptatt av ein inkluderande undervisningspraksis med høg grad av elevaktivitet og elevmedverknad
- Aktivt samarbeider med kollegaar og skuleleiinga om utvikling av læringsmiljø og læringsutbyte
- Har godkjent politiattest i samsvar med Opplæringslova må leverast før tiltreding

Austrheim kommune har nynorsk som målform.

## Vi tilbyr

- Løn- og tilsetjingsvilkår i samsvar med lov- og avtaleverk
- Engasjerte og dyktige kollegaer
- Eit positivt læringsmiljø med fokus på utvikling

### Sætre marka 2, 5943 AUSTRHEIM, Norge



[Opne vegbeskriving](#)

### Kontaktinformasjon



**Bodil Boie Brekkan**

Rektor

+4741667755

[✉ bodil.boie.brekkan@austrheim.kommune.no](mailto:bodil.boie.brekkan@austrheim.kommune.no)

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industrieventyret på Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!

